Julius E. Olson
May 1894,

Smaastubbar

Andre og tridje samling

Med bilæte

av

Gudmund Stenersen

Andre utgaava

Bergen
Utgjevet av Mons Litlere
Prentad hjaa J. W. Eide
1893

Innhald.

	Side.
Per Dass aa Hin-karen	5
Ho Galnelovisa aa Danieltye. Av *Math. Askevold*	12
Paa Fantestig. Av *Arne Garborg*	15
Profet. Av *Lars Eskeland*	30
Naor dar ska skrivas til store bror. Ette' *Henrik Wranér*	41
Ein dag pao mattnan i Kivik. Ette' *Henrik Wranér*	54

Per Dass aa Hin-karen.

Ei gamalde segn, fortalde i Vestmannalagja paa Synnfjormaal av A. Askevold.

De he vel haart gjete Per Dass, den makelause Norlandspresten? Ja da va ein saatta preste; han va so mykje svære te stigle, dikte aa lære, atte dar fanst visst ikkje hass makje, korkje fyrr elde sia, vona meg. Aa slike rispare te preike! — Dar gjekk da ore om haanaa, atte han va kar te staa paa stola heile daen, om han vilde, aa ikkje preike da same opatte. Dar æ no askillæ bøke ette haanaa, so han he dikta ihop, slike so: Norlands trompet, Bibelske visebok aa fleire. Om dæ han so he gjort Preste-pina, da æ eg ikkje stø om, men dæ ei gromme bok, da og.

Me kunde no ha hatt maange fleire taa bøkaa hass Per Dass, naar alt hadde gaat soleis, so da va telaga, men de ska vel høyre, kor snepe da gjekk

---

Skrivemaaten i dette stykkje er sovidt mogelegt etter uttalen; der er berre aa merkja, at k uttalast kj og g: gj framfyr i og y, altso: **askillæ, skyss, kirkje, skikkelæ, skyne, gyrte, gylte**, lesast: **askjillæ, skjyss, kjirkje, skjikkelæ, skjyne, gjyrte, gjylte.**

te eingaang mæ nokra skrifte, so han skulde sende ne te Kjøpenhamn te prentings; da va no fyrr dar kom prenteverk her i lande. Han hadde no greve fram o tølaa sine baade gammalt aa nytt, baade lesande aa syngjande, lagt da pent ne i ei tette tynne, fy vætene si skuld, aa dar va so maangfoldigt mæ skrifte, atte tynna vart godtso fulle. Da va ei norfarjagt, so førde tynna her te bynn, men sia kvorv ho vekk, nett so ho va nesekte.

Somme seie da, atte skjepe forliste paa veia, men dar æ dei, so meina, atte dissene gnassane bort paa bryggjene he somla hinne ihop mæ anna tynnegoss aaført hinne te utlanda, so laangt bortigjønaa væra, atte dei ikkje skyna vaart maal. Ka so sant æ, da veit ikkje eg, men eg he aanka so paa den tynna aa tykt, da va ratt bedrøvelæ, atte ho skulde fara soleisene vandeveies; baade fy da, atte da va skalæ i seg sjøl, aa fy da, atte da æ vant, om dar oftare kjeme slike tynnevare ifraa Norland.

Han va so taahelden taa den meinige mann, Per Dass, atte daa norlænninganne frette, han va dø, daa sette dei svarte spuns i seglaa sine, unde kver raanokkje, aa soleids hadde dei da mest paa alle norfarjagte i laange ti darette.

Da va ventelæ, atte ein sleke mann so Per Dass laut verte namngjeten baade vidt aa breit. Dei hadde hat spurna om haanaa ratt ne te Kjøpenhamn, dar kongjen budde, aa han fekk daa hog te be haanaa ne te seg aa lata haanaa preike fyre seg. So skreiv han daa eit brev unde sitt eigje namn: Kristian Rex,

mæ strenge order te Per Dass, atte han skulde komme ne te Kjøpenhamn aa preike i kongjen si eigja kirkje paa fyste juledag. Breve sende han te ein bispe her i Norge; sia skulde da gaa preste ifraa preste ratt te Norlands. Dar va no ikkje poste i dei dage, maa vete.

Men disse karane visste fulla ka dar sto i breva, aa so vart dei fortrotne yve dette, atte Per Dass skulde nyte ei sleke ære framfyre alle hine, difyre forhelt dei breve ei stund kver hos seg, aa so samstelte va dei, atte dei fekk lage da soleis, atte breve kom ikkje fram, fyrr sjølve julapta. No kann ein væl tykkje da, atte da va so reint omauelæ fy noko menneskje aa komme ne te Kjøpenhamn paa ei natt, ratt oppe ifraa Norland; men Per Dass sto ikkje forkommen, han visste raa, der ingjen annen visste: han va so mykje lærde.

Daa han fekk breve aa forsto, korleis da va tegaatt, daa laut han læ mæ seg sjøl: »Aa nei, no tenkte dei fulla da, dei skulde setje meg i beit mæ dettene her, men da æ dar altfor lite mun i te prøve paa, ska dei sjaa. Dei he gjort seg altfor mykje fyre, stakkars krypane, da verte ikkje te større hugna fyre dei. Naar eg vil, aa eg ser meg nøygde te da, so teke eg den skyssen, dei minst he tenkt paa, aa stryke deira nase beint forbi.«

Han læsst daa ikkje i vere, likevæl, men bar da stillt hos seg sjøl, aa sat inne mæ kaane aa bonn i go ro aa heldt jul framette kvelden, te dess dei skulde leggje seg; daa ba han væl leve aa ynskte

dei gonatt; gjekk so inn i kantore sit aa læste væl atte døra. Dar drog han fram kuforten sin, fann seg ein hestesale, so han laa paa kuforten aa gyrte da skikkelæ væl, klædde so paa seg kappen og kragjen aa treiv staven sin, mæ den store gyllte knappen i. So tok han Svartebokja i handa, sette seg upp i salen aa te lese aa mane solengje, te han fekk løyst Hin-karen. Han kom sendande midt inn paa golve, maa vete, so gneistane sprake om haanaa. »*Ka ve du meg?*« — »Du ska te Kjøpenhamn i presteskysse, paa rennande timen!« — »Ka ska eg faa fy skyssen?« — »Du ska faa sjælene aat alle dei, so søve i kirkjene i maaraa,« svarad Per Dass. Detta va fulla Hin-karen nøygde mæ; han treiv kuforten, hivde da paa nakkjen alt ihop, aa so bar da te vegs i eit slikt sendebo, atte da ylte om dei. Jamen haarde dei dunaen i luktene so laangt lande rakk; men sia da no va julenatta, so tenkte dei, da va vossedrifta, so va paalos.

Men daa dei kom midt ut paa have, daa foor Hin-karen te trøytne; han vilde ikkje skysse lenger. So seig han ne ette, aa ne ette, te dess presten foor te kjenne, kor baarene skvatt om oklaa hass. Han tenkte fulla da, Hin-karen, atte presten skulde verte rædde, aa kunde han daa berre faa freista haanaa te be Jesses bevare seg, so visste han da, atte han hadde magt te hive haanaa taa seg, beint ne i blaa have. So gjore han seg so sleiske aa tok te danske so gromt: »Hvorledes beder Herr Peder, naar han

er i havsnød?« — »*Høgre op, aa rett fram, din dævel!!*« svarde Per Dass, aa so ga han Hin-karen ein duelæ smikke mæ stava sin, so han skvatt ende te veirs atte. Daa laut han fulla røyne seg, dar va



kje onnor raa, aa fram kom dei, men da va paa høge ti.

Kirkja va stappande fulle mæ alt da grommaste storfolk, so i landa fanst. Dar sat kongjen aa dronningja manna høgst; paa den eine lea alle gjeneral-

ane, prinsa aa greiva i deira stoltaste buna, mæ band aa sjerne, aa so belagde mæ gull, atte da lyste laange vege. Paa hi siene sat dar breia frue aa dertna ungmøye i silke aa fløyel, glittrande taa syll aa gull aa glimesteina. — Jamen va da eit syn te sjaa!

Daa presten gjekk paa stolen, daa var dar so stilt i kirkjene, so i ei grav. Inkje eit liv knatt i seg; alle saag forvetne paa den fremmunde presten. Men sleke preike hådde dei fulla aldre haart fyrr: Maal aa mæle va dar no i haanaa, aa gaave hadde han te leggja da ut. Ja, han preikte so stert, atte da dundra ne yve dei, nett so torebrak aa lynevarme. Folkje sat so levande rædde, dei kjende seg ikkje i klæaa; eg veit visst, da va ei minnelæ juledagspreike!

Hin-karen hadde greve seg inn paa kirkjelemmen aa glytte ne igjønaa ei luke. Dar sat han aa lydde paa, gnog paa kløene sine, aa va so foretande sinte, atte han va færige te flyge i flint. Da saag ut te verte ei harkja jul fy haanaa, stakkars dævelen: Han skulde no ha sjælene aat alle dei, so sov i kirkjene, fy skyssen, men presten va kar te halde dei vakne, so lukka va fy dei sjølve.

Daa folkje gjekk o kirkjene, daa sto Hin-karen uttafyre kirkjeporten aa treiv presten i kappen, mæ da same han skulde forbi. »No ska du betale meg fy skyssen,« bar han paa. — »Betalingja ska du faa, du veit ka eg lovde deg,« svarde Per Dass. — »Da du lovde meg,« sa Hin-karen; »ja dar va visst

raa fy folk te sove i kirkjene i dag. Slikt rop aa skrik aa domenering ska daa ingjen ha haart fyrr;



detta va da støste fantestykkje, eg hev vorte fyre i alle mine dage!«

Ho Galnelovisa aa Danieltye.

Ei regle paa synnfjormaal av Math. Askevold.

Den rikaste mannen dar heime i vaara bygda æ han Mass paa Brokabakkja. Han vart gifte mæ hinne Olina, dotte hass Steffaa Aasebøna, ei forsopande gilde kone. Brokabakfolkje hadde store hus aa rundelæ eiendelæ aa svære retleiinga i alle maata. Dei folk, so he litevetta te formue, verte no oftaste paalagde meire fattigtyngsle enn andre, kann de tenkje. Ditte fekk nok Brokabakmassen føle. Lægdaolmaase hadde han hos seg i halvaarsvis, aa rek paa dørene taa tiggarty var dar no baade tidt aa traadt. Da hende ikkje so sjeldaa, at dar vart eit heilt opstus, daa slike folk innfant seg. Eit menneskjeskremsel va da no, so va paa lægd i dei dage. Ho heitte Lovisa, men dei kalla hinne fyr Galnelovisa. Dei fann ditte utnamne paa hinne, fy da ho va so askillæ aa pinstrige taa seg some tie.


Da trefte so te eingong i juletie, atte ho Galnelovisa va paa lægd paa Brokabakkja. No æ da alti so i julene, at kver mann, snart aa seie, he ein skvette øl i husa, aa Massen ikkje minst, kan de

skyne. Da va ikkje fritt fyre atte ho Galnelovisa jusso vilde halde seg bort i da vaate, aa hende da ofte, at ho ein og an gongen va paa ei lita lette. Men daa va 'kje ho skikkelæ go te aa handhøve. Ho syntest ikkje om te vere paa lægd daa, aa kom dar noken inn om døra, so kunde vere omtrint likestilte mæ hinne sjøl, so skapte ho seg rivande gala. Da va vel darfyre, dei kristna hinne om te Galnelovisa.

I julehøgtia va dar no maange, so vilde ha seg fram te Brokabakfolkje, mest fyr te faa smake paa juleøle. Taa disse ska eg nemne Danieltye. Ja, da va folk da. Dei va taa fantefylgjeslegt — landstrykara —, so de kann skyne, ka slags pakk, da va. Men endaa, dar va ei slike rædsle mæ disse ferafantane, so hadde folk lyst aa ha dei hos seg korso, fyr da atte dei va so mykje konstrige taa seg.

Om lisjejulapta eingong teke ditte egtepare, Danieltye — ja kor egte da va no, da ska eg inkje snakka om — inn hos ei gamalde husmannskjæring, so dei jamnaste kalla fy »*Øyrakraaka*«. Ho bur ne mæ sjøna, aa dar æ no stassjonen fyre splintapakkje. Hos Øyrakraakene laag Danieltye natta yve. Storejulapta kom dei opp te Brokabakmassen. Daa dei kom inn i staua hass, va ho Galnelovisa koma seg digt opp i høgsætebenkjen. Ho kjende da paa seg, at dar kom folk taa hitt tya. Fyst kjeme Danielbirta inn, ho æ no alti den, so ska føre ore, darette han Daniel, mannen hinna. Stygge va han so eit kvert ilt. Danielbirta tok te ors: «Gudag i huse aa glæ-

delæ høgti aa godt øl!« — Han Daniel tok den høge hatten taa seg, sette ei spytahue att i plassen aa helste: »Ak ja, gudag herinne aa takk fyr sist,« aa sette se ne. Danielbirta gjekk aa snudde seg itunn



paa golva. Ho vilde alti danse springedansen, aa især hadde ho faatt seg ei krus øl i live, aa den da'en hadde ho faatt seg baade ei aa tvo. Paa slutten va ho koma seg so inn i dansen, at ho visste korkje att elde fram. Men so fekk ho auge paa hinne Galnelovisa.

»Hei, Galnelovisa, kom her aa ta deg ein svingom mæ meg. Da kann gjera deg godt aa helst fy da, at galskapen kann gaa ut or hausen din.« — Ho Galnelovisa begynte aa dra ilt i seg aa sette i: »Jyssses, mi menneskje, eg he 'kje andoge fy slikt eg, nei da ha 'kje eg da. Jyssss, slike folk kan gaa omkring aa be' seg dei aa gjere seg tilgoe hos andre, men slike so eg aa fleire, so he trong fy da, jysss, me maa bie, me. — Ja, jysss! eg he lee eg, eg he lota gaatt paa ein kavringe herifraa og sø om fjoren, eg. Ja, da he eg lota gjort, men endaa he 'kje eg hatt so store ting, at eg kunde leggje paa handebakje' mitt.«

»No ska 'kje du gjere deg gala, he, he, he, aa gjere deg strutige,« sa Danielbirta.

Daa vart ho Galnelovisa bindande gala, aa fraua sto i kjapta hinna, forbante so seg paa, at ho vilde løyse »Hin-karen«, aa augaa sto i hinne, nett so dei vilde flyge levande i Danieltye. So tok ho til aa løyse »Styggeheita«: »*Jysssss pheeee uuuu rrrrr syns aberak starukka starukka*, *jysses* ja, menneskje, no kjem han sendande, ska de sjaa.« — — Med same røyste ho seg aa treiv grautatvora aa vilde klesse te Danielbirta, aa hadde ikkje *ho* vore so gjesvinte aa tekje tindetre aa jubba aat hinne mæ atte, so trur eg, at ho hadde skilt hinne mæ liva. Jagu va da nær aat da, da va da. Men so forsvor ho Galnelovisa seg paa, at ho paa rennande timen vilde til presten aa klage, aa la so paa dør. Danielbirta ette. Men daa dei kom ut i litjesvalsdøra, daa rende Daniel-

birta i hinne mæ tindetre aa trefte hinne paa mjømnaknuten, so ho kom te blods. Danielbirta vart sitjande atte paa døragaattene, — ho hadde nok faatt seg eit meinsle drag, ho og. Da va 'kje forundra, at grautatvora vart tindelause. Ho Galnelovisa va endaa so mykje, at ho va go te grave seg ne te presten.

Han Daniel sat atte i stauene aa inkje brydde seg større om, ka kona hass røynte. Han va gamalt vande mæ slikt. Endelæ gjekk han ut i bakstaua. Dar sat Brokabakmassen aa bladde i ei store bok aa jusso heldt andagt. Her begynte dei tvo te aa spyrje kverandre i bibela aa kom i orkast. — Mæ disse karanne va ikast mæ ditte, va Galnelovisa koma seg ne te presten. Han sat paa kantora sitt aa studerte preika si til fyrste juledag. Ho kakka paa kantordøra aa gjekk inn:

»Jysss, eg heve lee eg idag. No he Danielbirta slegje mjømnaknuten min fordærva. Jysss, da stinge slike sting i heile leikomme mitt, aa no he 'kje eg noke te smyrje meg mæ. No vilde eg be presten, jysss, eg veit no da, atte frua dokka alti æ so væl forsynte mæ medikamente aa medikasinvare, om ikkje anna va, om eg kunde faa meg ein liten skvette mæ brænjevin, so eg kunde ha te smyrja utyve. — Aa so he 'kje eg klæ helde paa min syndige kroppe — nei, ikkje so mykje, at eg kan gaa ufrosa — aa so va eg tenkte te aa be presten, om han ikkje vilde vere so skikkelæ aa andrage fyre meg paa kommissjona, so eg kunde faa meg litevetta te ei dosepye, so eg kunde faa namnte te skjule kroppen min mæ.«



Presten vart forarga, so vente kunde no vere aa viste hinne døra. Men daa vart ho so mykje toppande gala, at ho tok treskoen taa fota sin aa vilde sabba i haanaa. — Hadde ikkje presten gjet seg unda aa lete hinne faatt brænjevin te smyrje seg mæ aa lovt te aa andrage paa kommissjona te aa skaffe hinne dosepye, so trur eg inkje, han hadde slept fraa hinne mæ da goe.

Ja, slika lægdaolmaase maa me dragast mæ dar heime hos oss i Synnfjor. — Hjelpe meg me maa! — Men da æ aldri so gale, atte da ikkje æ godt ty noke, me fekk daa dosepye aa smyrjelse te hinne Galnelovisa.

Paa fantestig.

(Or ei større forteljing. Av Arne Garborg).

Han den vesle blaaklædde med det beksvarte tjafsehaaret og det lange gulbrune andlitet, og so augo, som glyrde so rart, og som ein sjeldan fekk sjaa, men som nok i grunnen var brune, elder kanskje graabrune, det var han Tomas, Fante-Tomas, hovdingen for det fylgjet. Han var kammakar og blekksmed, og kunne binda vevskeider og gjera fiskekrokar, og han tente so mykje med arbeidet sitt, at med *det* til, som kjeringi og dei andre tagg ihop, kunde flokken klara seg utan steling.

Og det var det beste i fleire maatar, meinte Tomas. For det fyrste var lensmennerne svært gløgge i denne tid, so det var vandt aa sleppa ifraa ei stuld med det gode, og for det andre var Tomas ein boklærd og klok mann, som ikkje vilde hava noko tjuveord paa seg. Det skulde ingen segja, at Tomas Fredriksen stal seg fram, og ingen skulde stengja husi sine for fylgjet hans, av di dei fælte for sine sylvskeider.

Han hadde leset alle gode gamle lærdomsbøker, Saxo Grammatikus, Olger Danske, Karl Magnus og

andre, og so bibelen, Lars Linderoth og Knud Spødervoll.*) Han var konfirmerad med god kristendomskunskap paa tukthuset i Kristianssand; dei hadde tenkt paa aa døypa han og, men ikkje vaagat det, daa der var sterk grunn til aa tru, at han var døypt som barn ein stad uppi Sætesdalen. Paa tukthuset var det, at han fekk sans for aa lesa og tenkja, og sidan hadde han baade leset og tenkt, og hadde funnet ut mange merkjelege ting paa sine lange vandringar. Han var ein af dei faae, som tilgagns forstod profetarne, og han var kanskje den einaste, som visste, kva syndi mot aanden var; men det torde han ikkje segja. Mang ein mann, som ikkje hadde des sterkare hovud, vilde gaa ifraa vitet, meinte han, um han fekk kasta ein glytt inn i denne djupe og syrgjelege løyndomen, som daa helder ikkje Gud hadde funnet det rett aa gjera kunnig for storhopen.

Fante-Tomas hadde i det heile greide paa dei fleste ting, og serleg paa alt, som var løynt elder gaatefullt. Læra um dei underjordiske elder tussefolket grunnad han paa det gudsordet i 1ste Moseb. 2, 23, der Adam segjer um Eva: »denne gang er det kjød av mit kjød og ben av mine ben.« Kvi sagde Adam »*denne* gang«? Jau fordi han hadde havt ei kone fyrr. Men denne kona hadde voret av eit anna slag enn Adam, og so hadde Gud set, at det nok ikkje vilde gaa godt millom dei tvo. Daa støytte

*) Ein bonde paa Vestlandet, som høyrde til dei *sterk-truande*, og som skreiv bøker til forsvar for denne sekti.

han henne og borni hennar ned i jordi, og der hadde dei livt sidan som ei ætt for seg sjølv. Dette hadde hendt fyre syndefallet; derav kunne me vita, at tussefolket var frie for synd. Derav kom det og, at dei kunne gjera seg usynlege. Det var fleire av dei, enn me trudde, og mang ein gong vankad dei midt imillom oss. Dei hadde sine kyrkjur og prestar liksom me; men daa dei var syndefrie, turvte dei berre det gamle testamentet. Det nye vedkom ikkje dei.

Mange underlege og utrulege ting hadde hendt i verdsens tider, og dei vart ikkje mindre forunderlege, naar Tomas fortalde dei. Fleire sogur i Karolus Magnus hadde han voret i tvil um han skulde tru; han totte, dei vilde koma i strid noko med Guds forsyn og bestemmelse. Men han var komen til det, at han maatte tru dei likevæl. Det som hadde ført han til denne tankegangen var slutningsordi i boki. Desse slutningsordi lydde so: »hvo dette tror eller ikke tror, han synder ikke derved.« Men dei ordi kunde ikkje staa, dersom noko i boki var lygn. »For trur du ikkje, at du syndar, dersom du trur noko, som ikkje er sant?« — meinte Fante-Tomas.

Han visste um dei fem jordbolkarne: Europa, Asien, Amerika, Ægypten, Oranien elder Ny-Holland. Han hadde høyrt gjete, at jordi skulde vera rund, men det trudde han ikkje. Han kunde ikkje faa det til aa høva med Guds ord, og ikkje med den naturlege tankegangen helder. So sagde og Knud Spødervoll, at jordi var flat, og likeeins Luther, som daa var ein høgt upplyst mann i alle Guds forunder-

legheiter. Um sol- og maanemyrkjingar visste Tomas god greide. Derimod forstod han ikkje, at maanen vaks og tok av. Dette var ein av dei store løyndomarne, som det ikkje var oss syndarar forlenet aa skyna. Men eit av dei største symptomer elder forestillingar av Guds visdom, det var, at naar ein saag væl paa maaneskiva, so vilde ein der sjaa Adam og Eva med kunskapstreet imillom seg; dei var sette der upp etter dauden til aa minna alle folk til alle tider um det store syndefall. Guds visdom hadde set, at menneskens born hadde godt av aa hava denne avmindelsen for augo, særleg um næterne, daa den gamle Adam var verst.

Tomas var smaavaksen og mjuklemad, og mjuk og slengjeleg i gang og heile ferd, lik ein villmann, som er ukjend med tungarbeid. Det var som han leikad med lemerne sine, naar han arbeidde elder gjekk, lagde dei hit elder dit elder kor han vilde; hovudet laag og svingad paa ein mager, brun, frambøygd stylk til hals og lagde seg fraa den eine aksli til den andre, liksom kjælande. Andlitet, som i grunnen var godslegt, hadde tatersvipen: dette snedige, litt lause, litt uvederheftige; men naar Tomas rødde med godt folk, saag han høgtideleg ut, liksom han og var høgtideleg i sin tale. Mælet var mjukt som heile mannen, syngjande upp og ned etter ein urimeleg høg skala i utrulege tonefall. Naar han talad, kunne ein høyra, at han var fornøgd baade med seg sjølv og med talen sin, og han gjorde seg fyre med aa tala utsøkt og fint, og sputtad brunt,

naar han hadde sagt noko vigtigt; for Tomas togg tobak som ein geitebukk. Han vilde gjerne disputera um høge ting. Og daa reiste hovudet seg rett paa stylken og vaggad som eit tomt aks, og han slog med nakken, og augo spelad, og andlitet var stramt og talen forunderleg tilgjord. For sine mange lærde tankar og fyresyningar hadde han funnet ord, som tidt ingen utan han sjølv kunne forstaa, og han hadde sett so mang ein klok mann fast, ja mang ein prest med, baade i bibelen og i loven og hellest i mange anskuelser og aspekter.

Han sat i dag og forklarad ei slik aspekt for ein skulemeistar, som høyrde heime der paa garden; og dette var ei av dei vandaste aspekter; ikkje eingong presten Meier hadde kunnat klara den.

Det var sagt i det 7de bud; »du skal ikke stjæle.« Og det hadde Mose, som me alle visste, skrivet med sin eigen finger paa steintavla pa Sinai bjerg, og Gud herren hadde sjølv sett sin stempel og sigil paa, at det skulde vera so, som Mose hadde skrivet etter hans ord og bod. Her hjelpte det ingen betragtningsmaatar elder umsvævelser; det, som var skrivet, det stod.

»Men no skal du sjaa,« sagde Fante-Tomas og slog med hovudet, »kossleissen desse aspekter og vitnesbyrd tek seg ut i ein annan ordning elder begrep. For her er so mange begrep elder betænk-

ninger, som me ikkje hev regtigt for oss, naar me tek dei i visse maatar og undersøkelser; men dei vert regtige, naar me granskar etter i alle dei andre punktar og betraktningsmaatar, som maa vera med



i denne forstaaelsen.« Tomas sputtad brunt. »Men,« heldt han fram, »naar me held paa med vaare funderingar og randsakelser og prøver alle vitnesbyrd og aspekter mot kvarandre, so at det eine stend imot

og vitnar imot det andre, som apostelen segjer, so vert det galet paa ein annan kant att, og du veit ikkje, kossleis du skal gebærde deg, og kann ikkje utvikle den floken, du hev lagt deg. Thi vaar naturlige forstand er ved synden formørket, som me alle veit. Men no skal du sjaa, kossleissen dette er aa upplyse.«

Han lagde hovudet paa skakke, tok so med mjuk handferd og mange slags sleng med aksler og kropp, fram or brokluma eit stykkje raudkrit, som han tok til aa teikna med paa eit stolesæte.

»Dette er verdi,« sagde Fante-Tomas. »Ho er her forestilt uti eit bilæte og liknelse av ein brunn. Men i den brunnen er ingen botn; det gjeng beint til avgrunns med ein gong, og daa er det ingen, som veit meir.« Han kastad eit auga burt paa skulemeistaren, lurande paa, um denne vilde segja noko; men skulemeistaren berre nikkad og tenkte: Gud veit, kor dette ber av.

»Upp av denne brunnen sting det seg ein lang stake. Paa toppen av den staken, her, ligg ein planke, slik, tvers yver brunnen; den planken er helder smal, og ikkje fullt so lang som brunnen er breid i tvermaal. Utanum den planken kann ingen koma. Kjem du berre so mykje som ein strek elder ein tøddel utanfor den, so ber det til hols med ein gong, og so er der ikkje meir. Dette maa du leggja væl merke til.

»Og no maa du fylgja godt med,« sagde Tomas. »Her, ser du,« han gjorde ein prikk, »her, paa den

eine enden av planken er kongen. »Og her,« han gjorde ein ny prikk, »er statsraaden. So kjem stiftamtmannen,« ny prikk. »Og so bispen. Og so amtmannen. Og so futen. Og so skrivaren. Og so presten. Og so kjøpmannen. Og so lensmannen.« Ein prikk for kvar. »Alle etter sin orden og stand og innstiftelse, so som Gud hev sett dei i verdi. Men etter lensmannen kjem bonden. Og etter bonden, der, paa den ytste enden av planken, der er arbeidsmannen. Han sit paa den eine enden, og kongen paa den andre. Der hev du verdi.«

Tomas saag paa skulemeistaren, slog med nakken og sputtad svart. »Ja, dette forstend eg,« sagde skulemeistaren.

»No maa du hugsa væl paa,« heldt Tomas fram, »at ingen kann koma utanfor planken, naar han ikkje vil gaa til avgrunns med ein gong. Uppe paa den planken sit dei alle, kvar paa sin plass og stad, etter som omstændigheiterne og maalestokken er i denne verdi.

»So sit dei der og balar og trabellerar, kongen med sitt og statsraaden med sitt og stiftamtmannen med sitt og bispen med sitt, og so nedetter alt til arbeidsmannen, som maa bala med sitt; for den eine vil berga livet, og den andre vil berga livet, og det vil dei alle, som rimelegt og rett er. No spyrst det, kven som kann klara seg; for kvar maa klara seg sjølv, og der er ingen aa faa hjelp av.

»No maa du passa paa. Der uppe sit kongen; han hev tie dalar um dagen. So kjem statsraaden,

han hev fem. Meir kann ikkje han hava mot kongen. So kjem stiftamtmannen, han hev tri; so bispen, han hev tvo; og so ned etter mindre og mindre; lensmannen hev fire skilling dagen, bonden berre tvo skilling. Han freistar livet so vidt. Men so kjem arbeidaren, og han hev ein skilling. Han kann ikkje berga livet. Han maa svelta ihel.

»Men no er det underfundigheta: han vil ikkje svelta ihel. Kvi skal han det, han meir enn dei andre? tenkjer han. Er ikkje eg skapt i Guds bilæte liksom dei, og hev ikkje Guds son utløyst og frikjøpt meg liksom dei, og gjeng ikkje eg tilslutt i same holken elder gelænderen som kongen og bispen og heile vidtløftigheita? tenkjer arbeidsmannen. So kjem han tilslutt til den betænkning og avgjørelse, at han vil liva, han som dei andre.

»Han gjeng til bonden og segjer: eg vil ha halvannan skilling um dagen, for eg kann ikkje liva med ein. Bonden svarar som so: far til helvite! du fær ingen halvannan skilling.

»Arbeidsmannen gjeng til lensmannen. Lensmannen tek sabelen sin og segjer omtrent som so: gakk til dit arbeide, din hund! elder kanskje du vil i holet for løsgjengeri?

»So gjeng arbeidsmannen til kjøpmannen. Kjøpmannen tek alnemaalet sitt og viser han døri. Vi har nok med os sjølve, segjer kjøpmannen.

»Arbeidsmannen til presten. Presten er baade blid og snild, men segjer, at me maa alle vera forngøde i den stand og innstiftelse, Gud hev sett oss.

»So til futen. Og so til skrivaren. Og so til amtmannen. Og so til bispen. Og so til stiftamtmannen. Og tilslutt til stateraaden. Men alle segjer: vi har nok med oss sjølve, vi kann ikkje hjelpe nokon.

»Daa gjeng arbeidsmannen beint rakt ende fram for sjølve kongen. So bøygjer han seg for kongen og gebærder seg, og so segjer han som so: Stormegtigaste konge i eders høie naades majestæt og herlighet! segjer han, so og so er det; eg kann ikkje liva med ein skilling, eg maa ha halvannan, og det er endaa det minste; bonden hev tvo, og det er ikkje meir enn so, at han bergar seg. Hjelp meg, konge, i din majestæts høge naade! for eg vil ikkje svelta ihel, eg meir enn dei andre.

»Men kongen svarar: Skulde eg hjelpa deg, maatte eg taka fraa dei andre, og det kann eg ikkje. Du lyt berga deg sjølv; so maa me alle.

»No er det funderinga, kva arbeidsmannen so skal ta seg til. Liva kann han ikkje, svelta vil han ikkje; utanfor planken kann han ikkje koma, og ingenstad fær han hjelp. So tenkjer han som so: skal eg berga meg sjølv, fær eg berga meg som eg kann; livsens innretning og væsens maate er slik her paa denne planken. Dermed gjeng han i si uppriktigheit av og *tek* den halve skillingen, som han maa hava; og daa er det so vidt at han slit livet og bergar magen og naturen i den største simpelheit.«

Fante-Tomas saag listig ut.

»So liver dei alle ihop, heldt han fram, »kvar paa sin maate. Dei paa den eine enden liver godt liksom fyrr, og dei paa den andre enden maa late seg det gefalla. Men legg no merkje til, at planken ligg ute under himmelens friheit og rotnar i sol og regn og aarstidernes umvandlingar, og so veit me alle, kossleissen det gjeng. Etter tingenes orden og innstiftelse vil planken tilslutt vera roten, gjennemroten. Ikkje frisk flis att. So ryk planken sund yver midten, og hei! til hols ber det med heile vidtløftigheita, til hols med arbeidsmannen og bonden og lensmannen og kjøpmannen og presten og futen og skrivaren og amtmannen og bispen og statsraaden og kongen og kruna og alt som finst, og so er der ikkje meir. Ho-ho! kann du klara meg den undersøkelsen?«

Andlitet paa Tomas hadde fenget att sin tatersvip med dei lause, snedige drag og dei glyrande glidande augo. Skulemeistaren sagde, at saki ikkje var greid. Han brydde seg nok ikkje um aa disputera um slikt noko med Fante-Tomas.

»Nei, ho er ikkje greid,« sagde Tomas og slog med nakken. »Ikkje eingong presten Meier visste noko aa svara til desse aspekterne; han berre bad meg ikkje grubla for mykje paa so vanskelege umstendigheiter. Det er større folk enn du, som hev teket skade av slikt, sagde presten Meier.«

»Det er vel so,« sa skulemeistaren.

„Profet“.

— Av Lars Eskeland. —

Eg vaknad upp til ein sundag umbord paa ein av fjorddamparne. Musken og svevnig i augo var eg og rusken i haar og skjegg. Klædi var rukkutte og støvutte. Eg sku' daa fiffa meg litt. Men eg tok snart te vermast for brjostet; eimbaaten hivde so. — Eg kom meg upp i snare lage. Aa! — det var radt vindstillt, og skodda laag tjukk og oskegraa yver fjorden.

Men, uff! no kjende eg, kva som ruggad dampen, aa, denne fæle tungalda! — Eg kjende nok att denne lukti, som rører so varmt og vondt nedfor bringa. Det var nett sovidt, eg klara meg.

Me maatte vel vera i havmunnen av Bømlafjorden etter det, eg kunde skyna. »Væl so det, far!« sa ein gamall mann, eg spurde.

Eimbaaten seig med halv fart. Tungalda rullad, og meir enn ein laut mata krabben. Det var ei jamring, so det var vondt aa høyra. Men eg gløymde snart dei andre, eg fekk so nok med meg sjølv.

Endeleg lettad skodda litt, so dampen tok betre i. Alda slepte oss, daa me kom upp for Karten, og no

kraana dei sjøsjuke med seg etterkvart. Sjøsjuk var ikkje eg held meir, men eg var aaleine og leid. Ikkje krælande krypen, eg kjende.



Berre te glo burti skodda elder upp paa desse turre Karte-bergi var og lite moro i. So gjekk eg ned paa annanplass.

Romet var myrkt og ufjelgt som altid.

Burtmed bordet sat ein og song i svære, slengjande tonar om »det underlig' land, salig' land« or ei ny sangbok. Eg kjende snart baade maalet og mannen. Det var ein emissær, som nyss hadde faret paa preikereis der heime fyrste gongen og var vorten svært fagnad. Han var vælfødd og vælstellt i alle maatar, saag det ut til, og i det trivelege andlitet hans breidde seg denne flate mjukleiken og tjukke godmæta, som ein so jamt finn hjaa desse, som sjølv kallar seg »vakte«.

Rundt um han sat ein liten krins menn og kvinnur, som saag paa han og smilte til han stødt. *Dei* var so blide og so inderlege i andlit og fakter! — Skal tru dei var so heime? For eg hadde som ei meining um, at det kunde vera heilt ymist der.

Han tok i med ein song til. Daa han var ferdig med den, bad dei han be' høgt, og det gjorde han daa.

Det var lengje han trivla etter ordi. Men so kom dei i ein straum, reint ein væltalande straum av postille- og Pontoppidans-ord, og stundom var det, liksom han sjølv ikkje raadde for dei. Han talte og bad lengje og væl, for dei, som enno var i dei framande land, langt vekke fraa farshuset, — for dei »herværende brødre og søstre« bad han, og han gløymde daa helder ikkje meg, endaa han hadde grunn aa tvila paa, um eg høyrde til systkjenlaget, sa han, daa eg ikkje sette meg burt til dei. »Men give no Gud, at han maatte faa en sting i sit inderste

hjerte og sind,« — eg kvakk, men fekk snart vita, at det ikkje var nett ein sovoren aalmenn »sting«, men »en naadens dragelsens sting — til frelsebudets annammelse og til den inderlige længsel efter renhedens ubesmittede klædebon og brødrenes salige samfund i retfærdighedens hellighed og kjærlighed!« Han bad for seg sjølv, som Gud hadde sett paa ein so vigtig plass, serleg daa um, at Gud no i dette paatenkte møte maatte leggja sitt tvieggja ord paa tunga hans, so han kunde vinna mange sjeler. So sluttad han med eit hjartelegt ynskje um, at herren snart maatte koma sine trengde »faar« ihug og samla dei alle inn i sine rom. Han tok te syngja att, og no kunde eit av kvinnfolki vera med og. Det var »den nye sangen«.

Eg reiste meg og vilde gaa upp.

Men med det same kom det ein kjenningen min inn, og eg kom meg or skodde til solskin med ein gong, vart glad og frisk. Det var ein hestehandlar fraa Hardanger, kjenningen min. Han hadde altid haldet til hjaa oss, naar han var i bygdi, og ein gild, greid kar var han, totte baade eg og dei andre.

Han kjende meg paa timen, og me sat snart i godt prat.

Braadt tagnad hardingen. Han vart so underleg, fekk slik uro paa seg, han bleiknad og saag vill ut.

»Aa dævelen!« kom det halvhøgt gjenom samanbitne tenner.

»Kva er tiss? spurde eg, eg vart mest rædd.

»Hyss! — hyss! — — Aa, det er berre noko

gamalt vondt, som kom fyre meg, med same eg saag han der!« — han kinka til emissæren.

»Me har Guds ord for oss her, vi,« sa emissæren til oss, »kunde ikke ogsaa I ha godt av at lyda paa — — istedetfor at forstyrre oss med prad!«

»Eg kunde ha stor hug til aa snakka litt med emissæren, naar me kunde vetta so nokolunde fy' oss sjøle,« sa hardingen.

Emissæren vart paa timen svært smøyken. Eg kunde skyna, han forstod, at her var sjælenaud. So mykje forstod nok dei andre og, for fleire sukkad tvifeldt, som det altid skal gjerast i slike høve.

Emissæren tøygde seg burt til ein karmann og kviskrad noko til han. Han bar det vidare, og ein etter ein gjekk ut.

Den eine karmannen kom burt til meg og spurde, um ikkje eg sku' tala med emissæren.

»Det kunde voret nokso morosamt kanskje!«

Morosamt?! — Aa nei, Gud naa' oss, so *morosamt* vart det vel ikkje. »Men sjelo di treng'e da vist, hu, far!«

Hardingen hadde sett seg ned attmed bordet. Han var roleg igjen som fyrr.

»Nu, om du er en, som er kommen paa bedre tanker og vil søgja naaden?«

»Ja, da er denne brunen min, eg vilde so gjedna selja.«

Emissæren var som dotten fraa den sjuande himmelen.

Men hestehandlaren dreiv paa um brunen, ban-

nad og lynte paa, at den hesten ikkje fann make her paa Vestlandet.

»Vil ikkje emissæren vera med upp og sjaa paa han?«

Emissæren svarad med eit hjartelegt tridubbelt sukk og sette hand under kinn. Det var uvandt aa sjaa, at vondskapen skok han innst inne.

Men hardingen lest ikkje ansa paa det, berre snakka fort vekk um hesten. Slik reising i halsen hadde han endaa berre set paa araberen hans Bull. Og dovi var som støypt i form. Og maken tll stolpande bein paa øykjabeist, tenkte han, dei fekk fara vidt etter. Elder skal tru emissæren elder nokon annan hadde set slike bein?

Stenersen, som hadde med alle desse utstellingarne aa gjera, hadde aldri set slikt fyrr, han.

Der sku' verta springhingst! — Fargen sa og noko, slikjande fint brun som han var.

»Men eg er likesæl, — for 100 dalar kontant er hesten din!«

— »*Stakkars* mann, som ikke har faat nogo større i sigte hell usle heste!«

»*Usle heste!* — *ussel*, lærer *du*, at Guds skapningar er usle *du?* — — Men *eg* sku' fortelja emissæren um *uslingar,* eg!«

»Hvad vil du mig med detta hestaprade dit?«

»Kanskje ein sku' 'kje ha lov te bjoa ut ein grahest te den karen?«

»Jeig vil ikke ha nogo prad med deg, siger jeig!« sa emissæren illskeraud.

»Tenk no sjøl' ette', kar! om da ikkje vilde vera so omlag høvele' arbei' fy' den karen aa fara kringum med ein galen grahest?! — Fy' 80 dalar er hesten din! Og høyr her, profet! du he' vore nok i Hardangur, men tak inn til Etne elder Ølen! *Marar* er der nok av og endaa fleire *gjentur* og *møykjeringar*, — um mannen sjøl'e sku' vetta uroleg i blo'e!«

Emissæren flaug upp; augo sto' i haargaren, andlitet skifte i alle liter. Han fatad hestehandlaren i kragen: »Om du vil *holla* din *djævelsge* hestehandlar*flabb?*«

Det var som hestehandlaren ljosnad av glede.

»*Aa!* — kjem den *litle votten* til meg paa den galeien! Me ska' sjaa!«

Og so triv han emissæren i nakke og bein, lyfte han høgt yver seg og dunkad han mot take, so det skok i han.

»No profet! — no!«

»Profeten« spente og sparkad og tøygde seg etter hovudet aat hestehandlaren, men laut gjeva tapt og vreid seg hjelpelaust i sinne. Hardingen stod so vælnøgd og grein med denne hestehandlarfliren og liksom leikte med hin som katten med musi, men la han so tungt nedaat benken og heldt han der, som det sku' voret eit røyvebarn.

Men bestsom det var gauste blo or nasa aat hestehandlaren. »Profeten« hadde spent han.

Hestehandlaren kvitnad av sinne.

Men daa »profeten« saag blo, skreik han *vold*.

Eg hadde gløymt sjøsykja, gløymt lesaranne, gløymt meg sjølv mest, berre set og fylgt desse tvo.

Men no haattad eg meg.

For inn kjem dei stupande, tvo matrosar fyre og reisande etter. Og dei, som ikkje vaagde seg inn, samlad seg i døri.



Og du skal tru, der var augo og andlit! — Det var som opne sko. Og kvinnfolki skreik, fyrr dei saag nokon ting.

»*Hjelp!*« skreik »profeten«, — og alle vilde liksom springa fram, men ingen kom seg i veg.

For brennande snøgt tok hestehandlaren »profeten« med dei kraftige klyparne sine og heldt han ut mot dei.

»Godtfolk!« sa han med fast maal, »her sjaa de ein av dei største skarvar, som Vaarherre hev funne fy' godt aa sëtja i lag med oss, — emissær og — *kvinnfolkeprofet!*

»At han no he' tekje paa meg og spent meg tilblods, vyre eg ikkje. Men ufjelgo he' gjort noko anna — —! — Det var so saart dette, at det verkte etter det.« — Dermed hivde han emissæren fraa seg, so han foor veltande burtyver golvet.

Hardingen stod ei liti stund og saag so likesæl ut, som um ingenting hadde hendt. So gjekk han burt til matrosarne og gantast med dei, for det dei trudde, at *han* sku' gjera ska', fylgde so med dei ut paa dekk.

Emissæren vreid og ankad seg litt, kom seg endeleg upp paa aalbogarne og laag so og stunde. Alle kraumde seg kring han og sku' hjelpa.

»Kva slag umenneskje va da daa, som foor soleis med han?« sa eit grovt mannsmæle.

»Jøsses, for eit udyr!« sa ei kvinne.

Og no las dei vælsigningi yver hestehandlaren og let illa med einannan, for dei ikkje hadde hjelpt.

Emissæren kom seg upp i benken att og sat sturen der ei stund. So var det einkvan igjen, som

kjærde seg med han for den stygge medferdi, han hadde fengje.

Aa ja, verdi lønte soleis, sa emissæren, me kunde ikkje venta det annleis eingong. Berre me kunde faa naade te bera det med tolmod og fylgja Krist etter her og. — Han ba dei syngja ein song or songboki. Dei song, og han kom strakst med sjølv og. Det var um, korleis ein Guds stridsmann sku' stella seg, naar satans her var etter han og verdi larmad.

Etterpaa bad emissæren ei bøn, bad med taarur i augo for seg sjølv og for allesaman, men mest for hestehandlaren, som endaa vankad paa dei vonde vegjer, bad, at syndi hans maatte verta tilgjevi; for han visste vel ikkje, kva han gjorde, bad, at herren vilde forbarma seg yver han og føra han inn paa sine stegar.

»Nei, den emissæren, for ein vælsigna mann!« let det.

Eg visste ikkje, kva eg sku tenkja meir um hestehandlaren — og um heile denne tilboren. Men denne hestehandlaren, — nei han kunde ikkje vera eit utjon. Noko reint sers maatte liggja under her.

No kjende eg, kor kjøvande ufjelg lukti var her nede. Eg gjekk upp.

Hardingen stod og plystrad og saag utyver sjøen. Han saag ut aa vera i godt lag.

»Gudskjelov, for da ikkje kom viare med meg idag! — Da va so nerre, eg ikkje kunde styra meg!«

»Det saag sanneleg ut for det! — Kva i all verdi kom dette seg av? — Eg trur 'kje, mannen kjende deg eingong?«

»Nei, han gjore so ikkje held i da fyssta. Men so sa eg namne mitt, daa eg stod og heldt han der paa benken. Og han skifte liter so tidt, som hunden loppar seg, far!«

»Men kva *er* det daa, de hev imillom dykk?«

»Aa, du hev visst høyrt um det. Da pla spyrjast, slikt, fy' dan, som reiser litt 'mydlo' folk. — Han fekk forlokka ei syster mi.«

»Er du galen, er da han?«

For eg hadde høyrt, at ei syster hans var vorti forførd av ein emissær, som hadde raakat saman med ho paa ei av preikeferderne sine. Sidan hadde det gjenget so reint galet med henne. Daa ho markad, ho var med barn, vart ho som fraa seg, — og sprang so utfyre og drap seg.

So var fortalt.

»Han er da, ja, — d'er han. — Folk var naturlegvis strakst færige te skulda henna fy' da berre. Men kannhenda han eingong fær svara noko baade fy' da og fy' da, so sian hende.«

Naor dar ska skrivas te store bror.

Ette' Henrik Wranér.

Omskreve pao sognamaol ao Bolette C. Pavels Larsen.

»Per!«

»Ja, far!«

»Kor e' du? Kaa gjere du pao?«

»Eg hjelpe han Johan.«

»Kaa gjere han dao?«

»Han skrapa grautagrytao.«

»Kjæmme du inkje in, so ska eg ut aa skrapa deg kring øjredn! Ve du lya!«

»Skovao e' so goe.«

»Goe, ja! Jamt tænkje de pao da so e' godt. Da va bere de tænkte pao da, so nøttigt e', da va da! Gao no ut aa ta in blækhodne aa pappire! Idag ska me skriva te store bror: no e' da tre veke maondag so' kjæmme, siao han skreiv, aa han trur gjedna, me ha reint gløjmt han her heima. D'e' fudla inkje sleke hærleheit te væra ute i ein vill-fremmande verden aa inkje ha noken te hyggja seg te. — Bli du færdige idag eld' imaaro?«

»Blække e' møgla, far!«

»Ja, slao vattn pao blækhodne dao, aa ta ei

stikka eld' ei spøta aa rør om me'! Du ska 'kje vera raolaus, naor d'e' noke.«

»Eg kan inkje finna noken pen.«

»Du veit kor gaosavenggjedn liggje oppe pao lofte, aa du veit kor balberkniven ha plassen sin. Men eg vil inkje veta ao, atte du skjære ute i yste enden pao kniven, du kan skjæra in me' skafte. Ein ska læra seg te aa laga penna sjøl, so leggje ein inkje skjillinga ut før staolpenna. Dei stikke berre haal pao pappire, naor ein ska skriva fort, aa so bli ein tonge pao næven tao dei.«

»Spraattao blei skjeive, far!»

»Aa, du e' dao ei tutlebrok, e' du! Ta hit greiedn dine! Kor e' da me' pappire? De ha no vel inkje vore sta aa sætt feidtflække pao da, so' de pla gjera? D'e' no aag noke te sørjeleheit, att' de inkje kan holda dikka reine pao nævadn — de, so' inkje ha bo ta i noke sulkasamt! Lat meg sjao pao pappire!«

»Eg kunde inkje finna mei'lde eit halt ark ute i læddiken.«

»Da va dao fakedl te greia aag! Eg kjøpte dao ei halve bok ifjor; kor e' da vorte tao da? De e' nokre store slurva, e' de!«

»Ho mor badla vist eit ark kring ei gaosasia, so ho ga ho Stora-Sisselja i vaor, trur eg.«

»Kaafør skulde ho ha ei gaosasia, da støgga trodle?«

»Jau, da va før da ho fæidde vetla badne øve dørstokken, dao da hadde saor!«

»Hm, soleis! Ja, naor berre ein ha noke føre da, ein gje ut, so . . . Ta no hit da, so e' atte! Aa, da ser jammisant taale reint ut. Sjao her ha du ein pen, men prøva han føste pao ein anen pappirslap: dar e' eit bla fremste i Luther sin huspostedl. Prøva han dar! Skriv: *Maarten Luther!* Elde du kan fao fat pao eit knappabrev eld' eit naolabrev i ho mor si syøskja. Sprætte han? Før dao ska du berre venda baksiao ne, so gaor han so aoversle fint; aa kjæmme dar noke skjit i næbben, so turka han pao trøieærmi — ho e' blaoe, so da syne inkje mykkje. Ja, ta no te!«

»Eg veit inkje kaa eg ska skrivà!«

»Da va dao førundale! Ha du 'kje skreve te han Ola ein tvo-tre gaonge no?«

»Eg veit inkje korleis eg ska begjønna . . .«

»Aa, du e' eit toskahove! So faor eg vel diktera deg sjøl dao! Begjøn øvst oppe! Du ha fudla 'kje noken plass teaovers, naor me berre ha eit halt ark. No!«

»Han Ola ha sjøl sagt, att' eg ska begjønna eit stykkje ne-e.«

»So begjønn eit stykkje ne-e dao!! Skriv grannt! Sete du aa klakka, so faor du paa kjæften! »'No ha eg varskod deg,'« sa hi kjæringi, naor dotteri skulde gifta seg! So, kjøjr no iveg!

»Ømt elskede Søn! — —

Ta ne salmeboki, att' du kan sjao korleis ori stavas, før naor han Ola kjæmme heim, so ska eg spørja

han, om dar va stava feilt, aa dao vanka dar risengraut pao ryggjen. No!

»Ømt elskede Søn!

Ja, so laongt gjekk da tao seg sjøl. Lat meg no sjao kor me ska leggja da ut siao! Hm! Hmm! D'e' førundale atte da ska gao so traot te skriva. Me lyte no skriva atte me leve vel me' helsao aa ønskja han da samma igjen, aa att' me ha slagta tvo utao grisedn aa att' me ha gjøjmt ein bete pølsa te han, om han kjæmme heim te jul, før pao semenarien, dar faor dei nok ingji pølsa —«

»Far, eg veit inkje korleis seminarien stavas: da staor 'kje i Salmeboki.«

»Du e' so tosken so du e' laonge te: kan du 'kje sjao i eit av han Ola sine brev? Ja, so skulde me tala om, atte hanen sprængde seg pao raoe pottete, aa me lyte inkje gløima att' me fekk tjue skjilling maarki føre gjæsedn i byn, aa att' han Ola-Petter si Kristina e' førlaava aa att' præsten sine ha faot seg ei liti jenta — da vil han tykkja e' moro!«

»Ja, kæm kan komma ihaag alt datta? De faor sjøl seia kor da ska sætjas ihop, far! før eg kan inkje fao noki greja pao alt datta!«

»Ja, ja, so faor eg vel gjera da so vel so' alt da andra! »'Ømt elskede Søn!'« Ja, da ha du fudla skreve? Skriv no!

»Jeg griber Penen for at skrive dig til med nogle faa kjærkomne Rader, min elskede Broder! at Fader og Moder hilser dig at de

haver Hilsen, lever vel og ønsker dig den samme gode Gave evindeligen af Hjertet. Vi haaber, at du lever vel og er flittig i dine Studier.«

»Korleis stavas studier, far?«

»Aa, du e' dao ein stakkar, aa du ha gaot i skulen i tre vintra! Dar maotte de inkje ha hat anna te spekelera pao enn spisbustykkje aa galskap! S-t-u-d — stud, d-i — di, studdi, e-r — er, studdier.«

»Dao lyte eg sætja eit *d* te aovaføre.«

»Du e' ein klakkar, e' du!

Studdier. Vi ville lade dig vide, ellskede Søn! —

Kaa ska du me' tvo *l* i elskede?

elskede Søn! At Sjælesørgerens har faaet dem en liden Pige, som nok skal glæde dig og der var Barnedaab i Fredags og Far var der med. Og saa har den sorte Hønsen —

Du begripe vel, att' du kan inkje skriva *hønsen*, men atte da heite *hanen*. Du veit, dar staor om Petrus i evangeliet: *Og atter gol Hanen.* Ein ska alti tænkja før seg!

Hanen sprængt seg paa raae Poteter — —

Du skrive vel inkje pottete — du veit dao da heite kartofle —

paa raae Kartofler, saa han kunde ikke flyve op paa Pinden, men ramlede ned fra Pinden og slog sig ihjel, saa vi maatte slagte ham for at han ikke skulde dø selv — Vi kunde spise Kjødet. Og nu er Ola-Petter sin Kri-

> stine bleven forlovet med Jens Monsen fra Gisle — —

Gisløv skrivst da, naor ein skrive!

> Gisløv, ja! Di skal have Brøllop til Vaaren. Og vi fik tyve Skilling Marken for de otte Gjæssene, som vi solgte i Byen for fjorten Dage siden, Vi har faaet en ny Tjenestepige, som skal være i Steden for Kari, som flyttede nu om Mikkjelsmøss — —

Sjao no ette i salmeboki korleis Mikkjelsmøss stavas, da staor adle bakaste me' Allehelgensdag! — —«

»Her ha eg da: Michaelis Dag (Førstkommende Søndag).«

»Da ska du 'kje agta pao! Ta no te atte!

> Hun hadde taget to af Moders Forklæder, som Mor havde fundet i hendes Kiste inden hun flyttede, det Skræmsel — —

Ja, skriv du gjedna da, før eit skræmsel va ho!

> Og saa har vi slagtet to af griserne og Moder siger, at dersom hendes ældste Søn vil komme hjem til Jul, saa skal han faa en Bete Pølse som er gjemt, for paa Seminarien — —

Gao no ut ette han Ola sine brev — dei liggje i pengeskuffao — aa sjao kor da ska stavas! . . . Jau, du har plass te tvo ra endao paa denna siao! — Maotru han bli 'kje gla, naor han faor høyra att' me ha gjøimt ein bete pølsa te han, han va so rispande galen ette pølsa . . . No, kor stavas da? Lat meg fao hit breve! S-e-m-i-n-a-r-i-e-t!

hmm — ariet faar I nok lære at gaa igjennem mykkje —

Skriv du *mykkje,* dit naut? da heite *meget!* Stryk øve *mykkje* aa skriv *meget* ovaføre! Aldr kan de no gjera noke slag fint —

meget, men Pølse bliver I ikke budne paa! — —

No ska han flina! — Snu no paa den andra siao, elder røre du da ihop dar ne-e, so han kann inkje læsa da. Skunda deg no!«

»Far!«

»Da va ei ynkjele tona! Kaa e' da no?«

»D'e' dao reint so' d'e' utgjort!«

»Vælte du blækhodne no?«

»Nei, men dar e' skreve pao hi siao ao pappire!«

»E' du galen gut! Kaa staor dar? Kæm e' so' ha gjort da?«

»D'e' vist noken, so' ha hat da te aa skriva prøveskrift pao te eksamen. Dar staor: *At have en god Haandskrift!* — — Men so e' dar kommen ein klak pao! Kaa ska me no gjera? Hm! hm! hm!«

»Kan 'kje du kløppa da or?«

»Nei, dao føle »*Ømt elskede Søn!*« aakso me'.«

»Ja, d'e' da eg seie! D'e' plent hoggande so' de inkje hadde auge te sjao me', aa ser inkje eg ette dikka i adle ting, so e' her ingjen anen so' ha augedn me' seg.«

»Ja men De saog dao sjøl pao pappire, far!«

»Saog, ja! Eg kunde vel inkje kjenna da pao lugti, atte dar va skreve pao hi siao — du synte

meg berre dan eine! Stryk øve heile greiao net so, aa skriv so fint aovaføre:

> Vi bede om Undskyldning at vi ikke havde seet paa begge Sider. Vi kunne ikke klippe det af, thi da følger Ømt elskede Søn ogsaa med.

Eit spetakel reint! Aa inkje kan ein sjao opp, naor d'e' noke. No lyte me te atte!

> Morten-Ola sin Kari er død for hun var syg af Lungesygdom og Doktaradn — — —

Da faor du stava so beste du kan, før da e' tysk, trur eg!

> Doktaradn siger at der er ingen Hjælp for Lungesygdom. Og Fina — —

Fina kan du skriva me' lite andre slags bokstava!

> *Fina* har faaet Hvalper, men vi lod bare de to leve, de andre fik Nils Skrædder og Jeppe Smed —

Ja, han veit be're kæm me meine naor me skrive so, elde me skrive Nils Nilsen og Jeppe Johannesen — tenabne gløime ein inkje so let — —

> Der var Tyver for en Tid siden og stjal en Ko fra Konen i — — —

Du ska sætja *Kjyr,* før *Ko* aa *Konen* høires meste likt naor da staor so att' me' hinan —

> Konen i Østremarken, den, som du ved var saa olm av sig da du var hjemme. Nu var den ikke olm mere. Men hun bar et Mærke paa det ene Horn saa Lensmanden troede hun skulde nok komme tilrette igjen.

Ja, no ska me sjao om d'e' noke, me ha gløimt. Lat meg sjao: Præsten si jenta aa den sprængde hanen aa han Ola-Petter si Kristina aa gjæsedn aa dan nye tenestejentao aa pølsao, so' ho mor har gjøimt, aa ho Kari si lungesykja aa Fina sine kvelpa aa kjæringi si kjyr i Østremarki, so blei staali. E' her noke anna, so' kan moroa han? Høir du, Eli! Læg kakjismao frao deg — du ha nok tankadn dine hjao os lel, om du sete dar aa tige aa ska læste læsa. — D'e' beste du gaor ut te ho mor i kjøkene, du! aa snakka om kaa me ha skreve aa spør, om d'e' noko meira ho kan komma pao, so' me ha gløimt. Venta lite! Me ha 'kje snakka om atte da brænde oppe hjao han Nilsa-Per! Ja, du kan gao ut te ho mor, du, vetla jenta! aa høyra deg føre so lengje!

Der har været Ildebrand — —

Du seie vel inkje *Ildebrand*, men du seie no sagte *Eldebrand!*«

»Nei, da veit eg no reiale, før . . .«

»Ja, veit du da, so e' da bra — du veit aag kaa du faor, naor du skrive gale —

Ildebrand hos Nilse-Pers, de fik ud Kreaturene saa det var intet Tab for dem. Den gamle Kaarmanden, Konens Fader, blev indebrændt. De havde altsammen assureret foruden Kreaturene.

Ja-ha; men jøsses! Me ha gløimt dan nye øiken! Dar kan ein sjao kor huksalaus ein kan væra!

Paa Mikkelsmessmarked kjøbte Fader en brun

Hest som er bare fem Aar og han fik ham for 500 Kroner. Fader er meget glad over Handelen. Han har et smukt, hvidt Bliss i Panden og er en Hurtigløber — —

»Ja, men ditta e' plent so' da va han Far, so hadde eit bliss i skadl!«

»Skamma du deg inkje, gut! Ska du gjera nar tao din eigen far! Skriv dao!

og Hesten er en Hurtigløber rent, Han kommer nok at faa 800 Kroner for ham om nogle Aar, hvis han kan faa ham til Kavellerihest.

No, kaa sa ho mor?«

»Ho sa, atte De laut inkje gløima te spørja, om han hadde haal pao sokkadn aa om han trængde nye akslastykkje i skjortedn, so fekk han senda dei heim.«

»So skrive me. Lat meg no sjao du dræge da ihop!

Min Søn, din Moder spørger om du har gaaet Hul paa dine Strømper eller Skjorterne ere sønder saa tag dem hjem saa skulle vi forfode og stoppe dem.«

»Aa so sa ho mor, atte kvis han kom heim te jul, so kunde han kjøpa ei flaska vin me' seg heim, om her skulde komma noken i juladagadn.«

»So—o, sa ho da! Hm!

Moder beder ogsaa at du kjøber en halv — —

»Ho Mor sa 'kje da skulde vera ei *halve* berre —«

»Da meinte ho; kæm e' so kjøpe ei *heile* flaska vin?

> halv Flaske af den aller billigste som kan faaes i Byen!«

»Ho mor sa 'kje da skulde væra tao dan adle billigaste! Da skulde væra goe vin —«

»Dan billigaste kan ein inkje sætja fram te fremmande, far!«

»Nei men bodn! Vil de kommendera far dikka? Da e' meg, so' bestemme dan tingen! Tig berre de! Ja, no e' da vel inkje meira! So sluta me dar. Strækkje da te, so du faor plass te nabne?«

»Da bli nok me' slet aa bet.«

»Ska eg spissa pennen te deg litevetta? So kan du skriva lite grannare! So ja!

> Ømt elskede Søn! Jeg slutter nu dette Brev med mange Hilsninger fra din Fader og Moder, din Søster Eli, Brødrene Johan og Mons, som kjører Gjødsel idag samt os alle. Skriv snart om vi skal hente dig paa Stasjonen —

Stasjonen, da faor du skrive ette gjehør!

> Stasjonen, ja! Kan du ikke komme hjem saa skal du faa Julemad til dig sendt, Nu slutter jeg med en flittig Hilsen, din Broder
>
> Per.

Sæt no *paoskrift.* Da lyte ein alti ha me', naor da ska væra fint — lite andre slags bokstava!

> Paaskrift.

Aa so ska du stryka eit strek in unde, so ja!

Paaskrift. Jeg haaber at min elskede Søn ikke ødelægger nogen overflødige Penger.

Den samme.

No dao! No e' danna visao songi! Da gjekk dao plent so te bøta vaatta i maonaskjin. D'e' løge, atte de ska væra so aoverhændigt rædde føre te skriva brev. Eg tykkje da gaor tao seg sjøl, naor ein føste teke te. Læg da no ihop! Kor e' da? Ha me noken konfelut?«

»Nei, han Per-Andres sine fekk laona dan siste, naor dei skulde skriva te deira Andres, so e' i Amerika.«

»Da va hyggjele! laona aa inkje betala! Før noke pakk! Aa ein e' fudla nøidde te ha konfelut, naor dar e' skreve pao beggje siedn. — Kor ska me no bæra os aot?«

»Eg ha ein konfelut, far! so' va kring detta gratlasjonskorte, so' eg fekk hjao ho Jensa-Gjertru, dao eg fyllde aore.«

»Da va bra, Eli! Du e' han far si eigi taus! Gao sta ette han trast! Eg tykkje ein ha 'kje bo slængja ein donge me' penga i nævadn pao landhandlaren heroppe, før naor han Ola kjæmme heim te jul, so ha han alt slikt me' seg. Aa han faor da før mykkje billigare pris, han kjøpe fudla mykkje om gaongen, han maota, i byn.«

»Her e' han, far! Men han e' noke liten.«

»Da gjere inkje noke! Legg da no ordentle in!«

»Eg faor da 'kje in! Eg faor da kje in! Eg e' rædde føre, at konfelutten sprikke.«

»Ta hit alt ihop! Aldr kan de no utretta noken ting, men sjøl lyte eg . . . Jau gu' min liv aa sjæl! sprakk han likavel! Da va dao! Ha du 'kje fleire?«

»Nei, eg hadde tvo, men dan eine vende eg aa sende eit gratlasjonskort i te ho Hilda has Per-Jo.«

»Kort aa fantaskap!! Du kunde gjøimt han te no! Dao e' dar ingjen anen rao enn du faor kjøpa ein konfelut hjao landhandlaren. Men ta tobaksdaosen min me' deg aa helsa ifrao han far, om du faor ei liti tugga att pao handelen. Ein ska 'kje væra bluge — dan so' e' om seg, han før seg.«

Ein dag pao mattnan i Kivik.

Ette' Henrik Wranér.

Omskreve pao sognamaol ao Bolette C. Pavels Larsen.

(Dar e' sauakløpping hjao han Jens i Valby; kjæringi i huse snakka. Da teke te aa værta skjømt.)

Ta hit almenakken te meg, Ingjebjør. Ja, d' e' 'kje før moro skuld, so dei seie; almenakken e' fudle utao løgn, vere kan han inkje spao mei'lde eit par skaftalause støvla. Eg skulde sjao ette, kaa ti da bli mattna i Kivik iaor, før han Jens ha tala om, jamen ha han da, atte me skulde reisa aa sælja mærri dar dao, aa sjao te fao os ein hest atte i stan; d' e' alti ein besparing, me fekk so ofsale me' føl no. Aa so faor me sjao, om nokon ao han Ola i Noragaren sine guta gjere alvaor ao da me' ho Gjertru iaor. — Ja, du ha gu førsyne meg inkje bo gjera deg te, tøtta, før eg veit fudla kæm so skulde ha danna granna haorkjeao, so' du gjekk her aa arbeidde ihop ivaor, aa eg ha goe greia pao, kæm d' e' so' ha gjett deg danna brøstnaoli endao te. Dar e' ingjen so' e' nimmare te veta da enn di eigi mor, ska eg seja deg, aa d' e' ein tusken klokkar, so' inkje veit kaa presten ha te middags.

Ja men bli da dan fem aa tjuende. Aa jøje meg, dao bli da dagen bakette da stora brødlaupe pao Næs. Karadn kjæmme no sagte korkjen te kunna glana elde grina ette adle drammadn, aa dikka, jente, ha dei vel dansa tvært ao. Jamt ska da no træffa seg so leit, atte da ska koma alt pao eingaong.

Eg skulde verkele ha huga te fara dit ein gaong endao, før eg bli altfør gammadl. Dar ha eg hat mykkje moro aa sett maongt fint. Eg gløime aldr føste gaongen eg va dar; eg va berre akjan aor dao, — nei gu, eg va meir — nei, eg va 'kje da helde.

Ingjebjør, gao ut du ette lite lambakjøt aa eit grand maarpølsa, so kan kjæringadn fao æta nonsmat no, so kunna me kveika pao tilegare siao. Du kan ta in lite smolt aakso, før han Per si kaana e' noke skrene utao seg aa ho kan behøva da feidt, ho kan fao. Aa so kan du hængja kjelen op i skjæringen — dar e' lauris ute i svali — atte me kan fao os ein kopp kaffi rettno. Ein sete her aa svæle so tjokt me' møk, atte ein kan fudla trængja ein vaote draape.

Aa jamen kan eg gjedna tala om da vetla, eg kjæmme ihug, men da e' lengje siao da hænde no, aa alt siao eg fekk slike frost i føttna før nokre aor siao, e' da plent so' eg e' vorti noke klene te minnes. Aa no e' da 'kje so' før i veri, korkjen i gjestabaa elde paa mattnan! — Ja, æt no so de ha ilt utao da, d' e' dikka vel undt!

Da va meao ho mor levde, aa dao gjekk dar fudla gromt te heima. Far dikka hadde vore dar ein tvo-tre gaonge, men dar va ingjenting aosnakka

imødlo os, før han far aa far dikka va 'kje skjikkele samstemde om, kormaonge naut eg skulde ha, naor eg fløtta heimattifrao. Han far vilde gjedna gjøima lite te dei andre gjentongadn, aa far dikka, han vilde no ha so mykje han kunde fao, aa meira te, før sjøl eigde han mykkje godt, aa bra ha da gaot føre os aakso siao.

Aa om kvelden so seje ho mor te meg — eg va berre akjan aor dao, so' eg sa nyss — kvelden føre mattnan, so seje ho: »D' e' beste du røise deg,« sa ho, »naor klokkao e' so omtrintle hal eit, atte du kan ha ti te vaska deg skjikkele,« sa ho. »Haore faor du væta me' tunndrikka, — men kanske da adlebesta va, atte du tok eit grand smolt aa strauk da me', før d' e' so krudla fram me' øyredn. Aa du faor ta dan nya daasi, aa so lyte du væra bli' imaaro. Eg tenkje, naor du fære skjikkele fint aot aa inkje e' før bluge, naor han bjoa deg pao vin elde bakelse, so tenkje eg, me kunna bli ao me' deg, aa endao fao beholda ho Spangrei, so' snart ska bæra,« sa ho. »Aa bra kan du fao da, før han e' ein snidle kar, so' ha mykkje godt store jor aa penga utlaonte, aa inkje behøve han te byggja, anna 'lde lite pao staavelængjao, nei men gjere han ei. Større glæa kan ein dao ikkje ha utao jentebodni, enn naor dei gifte seg kristele me' ein kar, so' ha noke,« sa ho.

* * *

Jamen va eg oppe i ti, før eg la meg berre pao aabnsbeinken eit grand. Aa eg flidde meg so beste

eg kunde, maota; før kaa da e' elde ei, so vil ei jenta gjedna væra fine. Aa dao klokkao va omtrint so hal fira om maaronnen, so kom far dikka aa tvo andre kammerata. Dao hadde eg færdige baade kaffikjedl aa mat framsætt. So blei dei no bene te sætja seg fram te borsenden, aa han far spandera me' flaskao, aa eg laut be dei gjera seg te goa.

Aa far dikka sat no dar aa glande pao meg, naor eg spraong so att aa fram imødlo kjøkene aa staavao. — »Da va faorle, kor du glana paa meg idag, Jens!« sa eg. — »Hm! ein katt kan glana paa ein konge,« sa han Jens, »aa du kan vel inkje undrast pao, atte eg glana pao deg; me ha dao snakkast eit grand om gjifting. Aa eg sete her aa spekelera pao, atte da kunde hænda seg, eg va dan, so' fekk meg ei fine jenta!« — »Du sete aa kjava,« sa eg, »fine! ja naor gauken gjæle juledags maaro! Du e' fælt so utgjeen pao te gjera narr ao folk!« — »Jaugu førsyne meg!« sa han, so' de veit han pla seia jamt, »eg gje ho Spangrei ette,« sa han, »aa eg teke deg lel, før du veit no, eg ha jamt hat eit godt auga te deg,« sa han. »Aa so fløtte du heim te meg me mikkjelsmøss, før d' e' so kallt te liggja aleina om vinteren,« sa han, — Før de veit, han ha no jamt vore so galskapfudle. Eg sa no korkjen ja elde nei, men inkon skulde eg no ha, aa vaore, dei vilde no so gjedna, eg skulde ta han Jens. Inkje helde va da noken anen eg hadde i tankadn. Aa so tenkte eg: d' e' likaso godt te ta han.

Ja, so blei dar no førspændt, aa eg skulde kjøyra me' han Jens, maota; aa han hadde dao, so no han ha, aa so' han jamt ha hat, dei gjildaste hestadn her ikringo. Me var inom hjao han Per i Brækkao aa vart trakterte, aa dao me kom te gjæstgivargaren, fekk karmennedn seg ein dram, aa me kvinfolki fekk vin; aa aoversle fint ver va da. Aa ein braate me' folk va dar, kor me foor, leiande pao kjyr aa stuta, so stundo va da ilt te komma fram pao vægen te dess. Nefør bakkadn gjekk da so eg trudde ti før ti, me hadde komme pao hove ne-i grøfti; han Jens skulde fudla kjøyra førbi adle, han saog, aa han va 'kje ao dei, so' da lønte møiao te kjøyra i kapp me'. Han ao eg va laongt i førivægen før ho mor aa han Andres aa ho Tøre.

Men me kom no lukkele aa vel fram te plassen, aa ho mor sa, ho hadde aldr set so maonge menneskje dar nokensinne noke aor, aa inkje so maonge krøter helde. Dar va ifrao adle kanta.

Aa so aot me eit duele maalti, før eg hadde laga te ei kista me' mat, so' va, skam te seja, naor eg sjøl ska skræppa, so' ho kunde tena før kæm som helst. I vaor slægt hadde dei alti hat da ore, atte dei va glupe te laga mat. Aa me ba ein donge me' kjænninga te æta me' os, aa brænnevin hadde me fudla aakso, aa da inkje førlite. Han Jens tok likaso te aa vart lite snøtte, aa dao e' han so morosame, so de veit, bodn.

Da føsta me gjekk, da va te ein bokprentar ifrao byn, so' va pao mattnan, aa dar kjøpte han Jens ei

salmebok te meg, aa han trakterte bra dramma pao skulemeistaren i Indrebøgdi, før te fao han te flaktura nabne mit pao permen. Aa fint vart da. Aa so kjøpte han Luther aoskjeldra, so' skulde sitja pao laake i kistao mi, aa endao ein paase me alslag sukkergodt, so' dar føllde sleke granna rimse me'. Ei utao dei ha eg endao gjøymt i kistelædiken min. Dar staor:

„Hvad er det lifligste af Jordens Smerte?
Det er at have udi Lyst og Nød et Hjerte.“

So laut me no ikring pao mattnan aa glana pao alslag. Me skulde no aakso kjøpa heim inkort lite te ongadn, før da visste me, atte dei sto me' grindi opp' me' vægen heile ettemiddagen. Aa so kjøpte me bakelse aa haaveplagg te jentedn aa sela aot gutadn.

Han Jens vilde, eg skulde følja han bort aa sjao pao *Lykkens Stjerne,* so' dei kadla da. Men ho mor vilde inkje, før ho trudde, so' adle dei gamle gjore, atte da va eit djævelens værk. Eg førstaor meg inkje pao datta, før eg ha no inkje faot lært so mykkje, men eg begripe dao inkje, korleis eit menneskje skulde kunna ha so store makt øve dan onde, atte da skulde kunna ha han in pao ei flaska aa kommedera han opatte pao danna visen. Eg tenkje da e' meira so, atte dei kværve syne pao folk, plent so dassa, so' sto dar aa svælde sværd aa sprutte eld aa meire slikt. Men han Jens tok eit pappir te meg; aa løge e' da, men da ha slege in kvart

eviga or, so' sto pao pappire. Dar sto atte eg skulde fao fem bodn, aa da ha eg dao faot, før Ein kan inkje rækna dei døfødde. Aa dar sto aakso, atte: »endog de umælende Dyr have Tillid til dig.« Aa da ha du no sjøl set maonge gaonge, Ingjebjør, atte naor eg kjæmme ne te grisedn, so' eg ha nørt op me' mjelk siao purkao dø, so larma dei aa skrike, dei stakkars trodli, plent so' da var deira eigi mor, so' kom te dei; dei va 'kje glaare i dan gamla purkao. Ja førundale e' da fudla, kor somme menneskje ha faot si makt ifrao. Ein veit om danna præsten, so' va i Breimsokne, De ha vel høirt snakk om han, atte han kunde sjao i gravi, om eit menneskje vart saligt elde ei, — aa va dar noken, so' fekk trakka pao præstakjolen has, so fekk dan aakso sjao førdulde ting. Men *Lykkens Stjerne* trur eg aldr e' utao Gud.

So gjekk me ne aa saog pao han Svein Plirk, so' dei kadla han, so' jamt va pao mattnan aa hadde allslag før seg ne-i ei bu; aa han synte os baade dronningi av Engeland aa ein donge me' andre fantastykkje. Men han pratte so mykkje utidigheit atte da va 'kje rao te høira pao han aa baade ho mor aa eg gjekk vaor væg; men han Jens blei fudla staonde dar aa flina aot alt, da han saog, da trodle. Men me gjekk sta aa skaadde pao nokre komelianta, so' bøkste aa sto pao haave.

Dar va eit par samne smaoe bodn me'; dei kunde venda aa vria seg pao femtan le-e. Eg verkele øinktes pao dei; duele pisk hadde dei fudla

faot før dei vart so lærde. Eg undra meg pao om d' e' sant dei seie, atte farka aa sleke laongfæra fanta skjære noke ao inmaten ut ao bodni, atte dei ska væra ledigare te bøiga seg.

Aa so laut eg no ria pao karussellen, men da va baade føste aa siste gaongen, eg ha gaave meg ihop me' slikt. Eg taalde da 'kje, men eg laut gao aosies aa brota meg. Han Jens flein so aot meg, atte da va nimma me', eg hadde vorte gali pao han. Men dao han saog atte da va alvaor, so skjæmdes han aa spraong ette Hoppmans draapa.

So stansa me aa høirde pao Blinde-Nils, so' spelte pao fela, før i ti-i hadde dei inkje dessa granne haandorgli, so' e' so' da teke Ein om hjarta, naor dei værte spelte pao, men dan ti spelte dei berre pao fela; aa so song han vise te. Eg ska ha dan eina gjøimt inkorstadn. Eg kjæmme vel ihug noke tao ho:

„O, Rudolf, Rudolf! se min dybe Smerte,
Som udi Taarer skjælver paa min Kind!
Hør mig, hør mig! brister gjør mit Hjerte,
O, vær ei for min Kummer døv og blind!

O, Rudolf, Rudolf! hvorfor Giften blande
Til den, hvis Sjæl har gaat i dine Spor?
Om Dage faa du finder din Amande,
Der døende og bleg som Lilien — gaar.“

Ja, da hitt ha eg gløimt, men eg laut graota, naor han Jens siao tok te aa sjonga ho før meg her heima; han va so spandabedl maota, atte han gjore meg ei gaova me' visao.

So gjekk me ne te sjøen, eg aa nokre andre jente, aa lauga os, før da va so steikande heidt, atte me visste inkje te platta os. Men gu forsyne meg kom me os inkje snøggt opatte, før han Jens aa noke andre kara hadde sneke seg ne te sjøen bakette os. Da va fudla berre pao galskap, men me tøkte no, da hadde vore førsmædele, aa jamen fekk me klædn pao os i hurten aa sturten.

Naor me so va opattekomne, hadde dar vore slagsmaol, aa ein utao han Svarte-Petter sine guta hadde bøkst pao ein a'nen aa skaare han, men so kom lensmannen aa tok han, men dei sa siao, atte han svor seg fri pao tinge. Aa dar tok te kom so maongslags skrap, so eg va lika hente te gao dar aa glana pao dei længer, aa so gjekk me sta aa skodde pao ei panneramma, so dei kadla da, aa dar va so mykkje aoversle fint te sjao. Dar va bya aa eldsprutande berg aa tvo, so' hadde drepe ei jomfru i Tyskland, aa dar va kongen aakso. Aa so skaadde me pao ein, so' hadde ein bjødn, so' kunde dansa aa stao pao tvo føte berre. Aa so hadde han ei apa, dan samme karen, aa ho va so hoggande like han sjøl, atte dei kunde gjedna vore søskjen.

So va dar komne noken me' kvite hue aa massingskræppe pao ryggjen, so' hadde vore pao fjedle aa plokka gras, men dei va so fudle utao galskap. Dei va studenta, sa dei, aa døgtige maotte dei ha vore te preika, før or dei rann det net so naor Ein teke tappen av ei øltønna. Dei va so fæle te flaaga me' nokre jente ifrao Ytrebøgdi, men eg tøkte, da saog meste ut so' dei hadde dei te narr.

Aa so gjekk me no kring i buedn aa handla lite pao kor sta. Om ettemiddagen so vart dar no ei bra fydling, aa eg hadde verkele ilt før bringao dao me skulde te kjøira heim, før fort gjekk da dit, aa endao værre tvelte eg da kom te gao heimattø. Da føsta han Jens gjore, da va han fekk kjøira eit par ne i ei grøft. Men dao tok eg han i armen aa so sa eg te han: »Jens,« sa eg, »ska du ha noki hugna ao jentao di, so ska du vel inkje kjøira ho ihel før du faor hinna. Aa kvis atte du inkje gje lite ette før meg no idag, aa fære høvele aot, so tore inkje eg vaoga meg te ta' deg, elde fara nokenstadn ihop me' deg,« sa eg, aa han saog atte taoredn tok te aa sildra.

»Du e' førstandige lel,« sa han, »aa eg ska retta meg ette deg,« sa han; aa so la han armen ikringo meg — aa skam te seia, trur eg meste, atte dan, so' tok han om halsen, da va eg. Ja han ha no jamt vore skaple imot meg; ha han vore litevetta snytte somma tie, so han aakso ha, so ha han aldr sagt eit hart or te meg. Somme kara baade slaost aa skjænnest. Aa ja! aa haa ja!

Nei, no kan du kveika pao, Ingjebjør, so utretta me eit grand før me æte te kvelds endao. Aa d' e' beste atte du, vetle Knut, gaor aa leggje deg no; du ska op tile imaaro, me ska høira deg i kakjismao.